



Mange av turistsipa vil truleg gå Storsund anten på inn eller ved avgang på ettermiddagen/kveld.

**Aprilspøk er ein eigen genre i media. Det opnar opp for å skriva om noko som er for godt til å vera sant, samstundes som redaksjonen her kan gje litt refs og antyda kva som bør rettast på. Oppslaget om å byta ut Rosendal med Uskedalen som cruisebåthamn var i grenseland tll å vera sant, men etter å ha lese meir enn innleiinga, skjøna alle at dette måtte vera aprilspøk.**

Sidan slike innlegg vert liggjande på nettet i all framtid, kan det vera fornuftig med ein dementi. Det vert med dette sagt frå om at innlegget var ein aprilspøk. Mange aviser som til dømes Grenda hadde ingen aprilspøk i år, sidan 1. april var på ein avisfri dag. Det er noko anna med nettaviser, slik som Uskedalen.no.

Sanninga er at det er meldt inn 23 turistskip med tilsaman 14000 passasjerar til Rosendal denne sommaren. Interesse for å bruka Rosendal som destinasjon har aldri vore så stor som i 2018. Fyrste anløp er alt 24. april MS AIDA vita opnar og avsluttar cruisebåtsesongen. Siste anløp er 23. september.

Dei største skipa har eit passasjertal på over 1200. Størst av alle er MS MARELLA DISCOVERY med heile 1800 gjester. Med i talet 23 finn vi også seglskuta STATSRAAD LEMHMKUHL og hurtigruteskipet MS MIDNATSOL.

Dei fleste turistskipa kjem til Rosendal på morgonen og ligg til i 18 tida på kvelden. Vi kjenner ikkje seglingsruta, men truleg vil mange av dei gå Storsund, særleg ved avgang på ettermiddag/kveld.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal